

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ørnulf Lillestøl	FE - 400	14/138

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2014	Administrasjonsutvalet	PS	13.05.2014
045/2014	Formannskapet	PS	10.06.2014

### Revisjon seniorpolitikk

#### Vedlegg:

Seniorpolitikk - revidert utgåve kommunestyret juni 2014

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek «Seniorpolitikk» slik dette framkjem i vedlagt dokument. Dette inneberer fylgjande prinsipiell endring; Ordninga med seniortillegg vert avvikla frå 31.12.14. Midlane som elles ville vorte nytta til dette føremålet vert avsett i budsjettet til frikjøp av seniorar. Intensjon ved frikjøp framkjem av saksutgreiing i denne saka.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Masfjorden kommune har sidan 2008 hatt eit styringsdokument kalla «Seniorpolitikk». Dokumentet seier noko om korleis vi skal leggje til rette for at seniorane, dei over 58 år, skal halde fram i arbeid. Ved oppretting av dokumentet vart det gjennomført eit omfattande arbeid i samarbeid med organisasjonane, AMU og politisk nivå. Det var då brei semje om målsetjingar og verkemidlar.

Dokumentet vart rullert i 2011 og det vart då fastsett at det skal reviderast i 2014.

Undervegs har nokre tema vore særskilt diskutert. Pkt om seniortillegg har vore uklart formulert ved at det er, eller kan oppfattast som at summene som er omtala vert summert. Dvs at ein ved 65 år får 15000,- og ved 67 30000,-. Rådmannen har gjentatte gangar presisert at summene som er omtala er det ein får. Dvs at summen aukar med 5000,- kvart år.

Ved oppstart av prosessen no i vår er saka drøfta fleire ganger med dei hovudtillitsvalde. I vår var ein også på samling med KS der forskarar og kommunar formidla erfaringar med ulike typar tiltak til seniorar. Mange kommunar har ikkje eigne tiltak for seniorar. Dette er avvikla ved at fleksibiliteten i kombinasjon med AFP og høve til å arbeid samstundes som ein tek ut pensjon, har auka dei siste åra. Diskusjon som var aktuell for nokre år sidan med å arbeide mindre eks 80 % og behalde full løn er då mindre aktuell. Ein del kommunar utarbeidar også ulike formar for «livsfasepolitikk» der dei vurderer og set inn tiltak i ulike fasar i livet, som i småbarnsforeldrefasen, omsorgsfase for foreldre, kompetanseutviklingsfase og seniorfase. Argumentasjonen der er at ulike aldrar har ulike behov for

tiltak og at seniorfasen ikkje er noko spesiell i den samanheng. Det er eks uklart om det er 60 åringar som har mest behov for å auke løn ved tillegg sett i høve til dei som er i etableringsfase med småbarn.

## **Fakta**

Seniorpolitikken slik den er omtala i dokumentet inneheld fleire tema. Målsetjinga er å halde på motiverte arbeidstakarar lengst mogeleg og å gjere nytte av den kompetanse som er opparbeida gjennom erfaring. Dei konkrete tiltaka er knytta i størst grad til å få arbeidstakarar til å halde fram og mindre til korleis nytte kompetanse.

Tiltak og planlegging saman med arbeidstakarane startar hjå oss ved 58 år. Då får alle tilbod om å delta på seniorkurs. Dette er eit samarbeidsprosjekt med andre nordhordlandskommunar. Evaluering frå deltakarane er gode. Dei andre kommunane inviterar 60 åringane med og attendemelding hjå oss er at 58 år er litt for tidleg å starte med planlegging og deltaking.

Som ei oppfølging av kurset skal det gjennomførast ein eigen medarbeidarsamtale. I denne skal det takast opp spørsmål om planar framover, behov for tilrettelegging, andre tilpasningar og omsyn ein bør/kan ta og korleis nytte dei konkrete tiltaka praktisk (ferie/undervisningsfri), endring av arbeidsoppgåver, arbeidsplass osv.

Dei konkrete tiltaka er knytta til ekstra ferie, redusert undervisningstid og kronetillegg. Ovanfor dei hovudtillitsvalde er det signalisert at dette er tema vi bør sjå nærare på. Effekt av desse tiltaka er uklare hjå oss, dvs om desse tiltaka har effekt i høve til det å få arbeidstakarar til å stå lengre i jobb. Dei har ikkje i seg sjølv effekt i høve den andre målsetjinga å nytte seniorane sin kompetanse. Å ta bort «goder» som er innvilga er sjølv sagt negativt og vil verte oppfatta som eit tap og ein løns og fritidsreduksjon for dei som er i aktuell alder.

## **Vurdering**

Rådmannen ynskjer å fokusere noko meir på det å kunne nytte kompetanse til seniorane betre. Tiltaka i eksisterande dokument omtalar dette i liten grad. I framlegg til revidert utgåve vert det tilrådd å etablere ein budsjettpost med midlar som leiarane kan hente løn til vikar for seniorane i dei tilfelle vi kan «frikjøpe» dei til å rettleie yngre arbeidstakarar, delta i særskilte prosjekt eller på annan måte dra nytte av opparbeida kompetanse.

Det vert tilrådd å avslutte ordninga med seniortillegg. Det er frå dei kommunane som har undersøkt effekt og forskning ikkje funne grunnlag for å tru at det å motta 5000,- meir i året er det som får seniorane til å halde fram i arbeid.

Frå forskningshald er det understreka at den viktigaste faktoren er god leiing. Det at leiar og arbeidsgjevar «ser ein», tek på alvor, myndiggjer og legg til rette for personleg og fagleg utvikling – det at ein føler seg som viktig pga kompetanse er sentrale faktorar. Rådmannen ynskjer å fokusere på desse momenta i opplæring og rettleiing av leiarane.

Rådmannen tilrår ikkje at ordninga med ekstra ferie og evt undervisningsfri vert endra no. Dei

tillitsvalde gjev utrykk for at dette er viktige moment for seniorane.

### **Konklusjon**

Vedlagt dokument «Seniorpolitikk» vert endra slik det går fram av tilrådinga og utgreiinga i denne saka. Revidert utkast vert også omredigert slik at det samsvarar med dagens organisering og faktiske tilhøve.

### **Administrasjonsutvalet - 016/2014**

#### **AU - behandling:**

Personalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om saka.

Framlegg til vedtak frå Arthur Sjursen (A): Ordninga vert vidareført slik den ligg føre i dag. Tilbod om seniorsamling får tilsette tilbod om det året ein fyller 60 år.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå Arbeiderpartiet vart samrøystes vedteke.

#### **AU - vedtak:**

**Ordninga vert vidareført slik den ligg føre i dag. Tilbod om seniorsamling får tilsette tilbod om det året ein fyller 60 år.**

### **Formannskapet - 045/2014**

#### **FS - behandling:**

Arthur Sjursen, Ap, opprettheldt sitt framlegg frå administrasjonsutvalet:

*Ordninga vert vidareført slik den ligg føre i dag. Tilbod om seniorsamling får tilsette tilbod om det året ein fyller 60 år.*

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonsutvalet / Ap sitt framlegg vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

**FS - vedtak:**

Ordninga vert vidareført slik den ligg føre i dag. Tilbod om seniorsamling får tilsette tilbod om det året ein fyller 60 år.